

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 29.1.2020 kl.17.30-19.30

Tilstades: Einar Brattegard, Birger Bolstad, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Anne Kjersti Frøyen, Else Karin Veslegard, Torfinn Slåtto, Vigdis Moen Storhaug, Siv Sylvarnes

Forfall: Arild Ø Hansen

Opning: Birger – Fela (Olav H Hauge)

Saksnr.		Ansvar
1/20	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling eller protokoll.	
2/20	Utsendingar til Ungdomens bispedømmemøte Møtet er i Kongsberg 6.-8.mars. Soknerådet vil dekke kostnaden for inntil tre deltakarar. Vigdis M Storhaug la fram nokre kandidatar og får mandat til å spørje dei og andre. Vigdis kan gjerne få tips om aktuelle namn.	Vigdis Alle
3/20	Kontingent for kyrkjebladet Ny kontingent for kyrkjebladet blir sett til kr 300,-.	Stab
4/20	50-årskonfirmantane – val av komite Tormod Skarsgard er spurd, og har lyst til å bidra på sjølve dagen. Wenche Smestad og Einar Brattegard tek ansvar for planlegging i samarbeid med staben. Wenche kan vere med på jubileumsdagen.	Wenche Einar
5/20	Bruk av midlar frå gjevarkontoen til drift av «Etter skuletid» Soknerådet ynskjer å opne for å nytte pengar frå gjevarkontoen til prosjektet «Etter skuletid». Dette er eit godt og viktig tiltak. Gjevarane bør informerast om korleis pengane no blir nytta; ungdomsklubb, Etter skuletid og ungdomskor (under oppstart). Dette kan vi gjere med ein notis i kyrkjebladet.	Vigdis Birger
6/20	Økonomisk støtte til Kafè Tid Soknerådet ser at Kafè Tid er eit svært godt diakonalt tiltak. Vi ynskjer å støtte opp ved å bidra til å nødvendig eigenkapital ved oppretting av ei stifting; Stiftelsen TID. Dette blir gjort etter evne frå kvart einskild sokn på denne måten: • Leveld sokn: 30.000,- • Torpo sokn: 10.000,- • Ål sokn: 10.000,- Soknerådet ynskjer at vedtektene legg opp til at det skal vere ein representant frå soknerådet i stiftingsstyret.	
7/20	Meir himmel på jord – gudstenestelivet blomstrar Strategisk hovudmål 1 i Strategiplan 2019-2021 vart gjennomgått av Vigdis. Innspel frå soknerådet: • Fellesskap med kaffi og kjeks/Twist etter gudstenesta. • Forsongargruppe på galleriet. • Programfoldar til gudstenestene bør vere innbydande og forseggjort – særleg til høgtider.	
8/20	Meldingar Ingen	
9/20	Eventuelt Eldres kyrkjedag: 10.mai kl 11 i Leveld - 14.juni kl 11 på Torpo - 21.juni kl 11 på Ål	
Neste møte: 5.3.2020 kl 1730 i Ål kyrkjestugu Opning: Torfinn		
Skrivar: Torfinn Slåtto		